



Dag Helland er førelesar på møte i Senioruniversitetet torsdag 8. oktober i Rosendal samfunnshus ( Arkivfoto ).

**Kva er meir naturleg som tema i desse tider enn å snakka og om virus? Difor er dette temaet valt for førelesinga på Kvinnherad senioruniversitet 8. oktober i Rosendal. Førelesaren vert [Dag E. Helland](#) som har arbeidd med ulike virusaspekt sidan 1970. Dag Helland har feriehus i Beinavikjo i Uskedalen. Han fiskar og restaurerer eldre robåtar på fritida.**

Det er naturleg at deler av førelesinga vert om coronavirus og den pandemiske situasjonen me no står midt i. Men førelesinga vil og dreia seg om sentrale generelle aspekt ved virus sidan alle organismar på jorda, frå bakteriar til menneske har sine virus. Nokre av desse virusa kan i spesielle tilfelle gå frå ein organisme til andre nærstående organismar. Og dette har no skjedd med Covid-19.

Med den enorme utviklinga som har skjedd dei siste åra med å analysa arvestoff, har det gitt oss raske og sterke metodar for mellom anna til å testa for virus. Utviklinga innan bioteknologi har også gitt oss metodar for å forska på nye vaksiner. Utfordringa med vaksineutvikling vil også bli drøfta på førelesinga.

Sidan me står midt i pandemien, vil det i eit slikt arrangement bli fleire restriksjonar om korleis ein sit i førelesingshallen og kva praktiske hygieniske reglar kvar og ein av deltakarane må halda seg til.

Helland har jobba med genforskning frå 1970 og har studert ulike aspekt kring eigenskapane til gen. Han var i ein periode tilsett som forskar i Kreftforeninga for å studera korleis gen vart skada, mellom anna av ultrafiolett lys og av oksidative reaksjonar og korleis desse skada nevert reparert.

Frå midten av 1980-talet vart han professor i bioteknologi ved Universitetet i Bergen. Han har hatt tre lengre opphald i USA, mellom anna ved Harvard-universitetet i Boston og Columbia-universitetet i New York. Han har jobba med ulike biomedisinske problemstillingar som virusforskning, AIDS-forskning, tuberkuloseforskning og vaksineforskning. Frå 2016 vart han pensjonist, men held framleis på med undervising og forskning når han ikkje driv med hagearbeid og fisking i Uskedalen.

Denne gongen vert det ikkje som vanleg er på møta i Senioruniversitetet, servering. Det vert difor gratis adgang. Legg òg merke til at møtet er lagt til Rosendal og ikkje Husnes som først planlagt. Møta er ope for alle interesserte.

Tekst: Pressemelding

Foto/ Nett: Kristian Bringedal